



FAGPLAN FOR TIME KULTURSKULE PIANO

1. Time kulturskule sin grunnmur, generell del

1.1 Lovforankring

Kulturskulen i Time komme er forankra i opplæringslova § 13-6:

«Alle kommunar skal aleine eller i samarbeid med andre kommunar ha eit musikk- og kulturskuletilbod til barn og unge, organisert i tilknytning til skuleverket og kulturlivet elles.»

1.2 Lokal organisering

Time kulturskule er organisert under kommunaleining for oppvekst og er ein skule for undervisning innan kunstnariske og kulturelle fag.

Skulen har fem ulike fagretningar med tilbod innan musikk, dans, drama, kunstfag og skapande skriving.

Kulturskulen samarbeider med barnehage og grunnskule samt aktørar i det lokale kunst- og kulturlivet. Kulturskulen er arbeidsgjevar for dirigentar og instruktørar i skulekorpsa.

1.3 Visjon for Time kulturskule

«Kulturskulen tilbyr barn og unge oppvekstvilkår som gir dei lyst på livet og evne til å meistre det»

1.4 Overordna mål

Time kulturskule er ein sentral del av den kulturelle grunnmuren i Time kommune.

Kulturskulen gir barn og unge opplæringstilbod innan musikk, kunst- og kulturfag.

Verksemda bidreg til å løfte fram kunst og kultur som bærande element i det daglege liv og i samfunnsutviklinga generelt. Kulturskulen er eit ressurscenter for kunst- og kulturverksemd i lokalsamfunnet.

1.5 Pedagogisk plattform

Både drift og undervisning i Time kulturskule tek utgangspunkt i Rammeplan for kulturskulen «Mangfald og fordjuping» (Norsk kulturskoleråd 2015-16) og tilhøyrande nasjonal fagplan.

Time kulturskule gir tilpassa og kvalitetsbasert undervisning til barn og unge busett i Time kommune.

Undervisninga gir rom for læring, skapande verksemd, oppleving og formidling av kunstnariske ferdigheter.

Kulturskulen bidrar til barn og unge si danning, fremmer respekt for andre sin kulturelle bakgrunn, bevisstgjer eigen identitet og utviklar eigen livskompetanse.

Undervisninga blir gitt som allmenndannande breiddetilbod innan kulturskulen sitt grunnprogram, kjerneprogram og fordjupingsprogram. Tilboda er individuelt tilpassa den enkelte elev.

1.6 Tildeling av elevplass

Tildeling av elevplass skjer via elektronisk søknad. Søknadsfrist er 1. mai for komande skuleår.

Elevplass i kulturskulen er eit betalingstilbod med kontingent fastsett av kommunestyret.

1.7. Arbeidsavtalar, teieplikt, politiattest, pedagogisk ansvar, rapporteringslinje

Lærarane i Time kulturskule er tilsett etter sentrale avtaleverk, men med lokalt utarbeidde personlege arbeidstidsavtalar.

Alle tilsette i Time kulturskule er pålagt teieplikt på lik linje med anna pedagogisk personale i kommunen.

Det er krav om politiattest for tilsetting. Dette gjeld også for arbeid knytt til frivillige organisasjonar som t.d. skulekorpsa.

Den enkelte lærar har, med forankring i nasjonal rammeplan og fagplan, det pedagogiske ansvaret for sin undervisning. Lærarane arbeidar i pedagogiske team. Administrasjonen har det overordna pedagogiske ansvaret

2. Rammefaktorar for undervisning

2.1 Piano, Musikk - instrumentalundervisning

Me nyttar Mindre eller større undervisningsrom med piano og pianokrakk.

God lyssetting for notelesing og klaviatur.

God arbeidsstol for lærar.

Eleven skal ha tilgjengeleg piano for eigenøving/heimearbeid.

Elevens foreldre/føresette må sjølv kjøpe inn noter etter **avtale** frå sin lærar.

Eleven får ein fast timelærar.

Undervisning hovudsakeleg aleine. Noko samspel og gruppeundervisning.

Timeressurs minimum 20 minutt pr veke.

3. Fagplan

3.1 Piano

Overordna mål

Overordna mål er at eleven kjenner **speleglede og mestringskjensle**, og får utvikle sitt **kunstnariske potensiale**. Dette vil gje sjølvrespekt og byggja eleven sin karakter. Me ønskjer at elevane skal fungere som ressurs i det lokale skule- og kulturlivet.

Undervisningstimen

Læraren møter i god tid og tek godt i mot eleven. Undervisningssituasjonen skal vera forutsigbar og trygg. **Læraren motiverer og oppmuntrar til glede over mestring, utøving og læring**.

Timen skal innehalde høyring av heimearbeid/lekse og gjennomgang av nytt undervisningsstoff. Eleven får tydeleg informasjon om kva ho/han skal arbeide med heime til neste time. **Lærar avklarar at elev har forstått lekse**. Det bør også vera tid til speling av tidlegare innøvd repertoar basert på mestringsfølelse og speglede.

Alle elevar skal i tillegg ha gehørbasert undervisning som styrker evnen til å gå inn i musikken, lytte, skape og å utøve utan noteavhengighet.

Læraren skal førebu eleven til å meistre eventuelle speleoppdrag og konsertopptredenar.

Etter konsertspeling skal læraren ta seg tid til å bearbeide arbeidsoppgåver og opplevingar frå ulike situasjonar i lag med eleven.

Bruk av lærebøker

Vi følgjer progresjon og metode i spesielle lærebøker for dei ulike instrumenta. Læraren forklarar og rettleier inngåande det eleven møter av undervisningsmateriale. Bøkene sikrar pedagogisk opplegg og ei fornuftig læringskurve. Målet er å sikre at eleven ikkje sit igjen med store "hol" og manglar vesentlege ting i utviklinga. Det er viktig å presisere at

alle elevar skal ha eit eige tilpassa undervisningstilbod og at progresjon og utvikling vil vera individuell.

Element i opplæringa

Opplæringa vil ha ein naturleg progresjon med aukande vanskegrad tilrettelagd for den enkelte elev.

Notelære, rytmelære, rytmiske mønster for akkompagnement, teknikk og fingersetning, teori, enkel besifringsspel, toneartar, kvintsirkelen, harmonilære, fingersetning, lytting og samspel, repertoar henta frå ulike musikkjangrar.

Læraren sitt ansvar

Vera godt førebudd, ha god kommunikasjon med elev og heim, stille krav som er realistiske og oppmuntre eleven til innsats og deltaking. Finne samspelpartnarar viss eleven ønskjer samspel i lag med andre.

Eleven sitt ansvar

Møte til rett tidspunkt på timane, innarbeide gode øvingsrutinar, halde orden på beskjeder og noter. Ved fråvær skal ho/han gi beskjed til lærar.

Foreldre/ føresette sitt ansvar

Alle elevar må ha instrument tilgjengeleg heime. Foreldre/føresette skal hjelpe og oppmode eleven til gode øvingsrutinar og gjennomføring av heimeoppgåver. Ved fråvær skal dei gi beskjed til lærar eller kulturskulen sin administrasjon. Dersom eleven møter vanskar eller særlege utfordringar, skal foreldre/føresette ta kontakt med lærar og/eller administrasjon for på ein god måte å finne løysning på dette. Foreldre/føresette skal støtte opp om aktuelle arrangement i kulturskulen.

Nivå

For å få god oversikt og system i opplæringa på piano, har vi delt inn i 5 ulike nivå etter vanskeleggrad. Oversikta viser kva eleven kan lære på dei ulike nivå. Dette skal vera med å motivera eleven til å utvikle seg på instrumentet og å gi undervisninga god framdrift.

Piano, Nivå 1 - Eleven får lære:

Speleteknikk - sittestilling, handstilling, fingertechnikk

Grunnleggjande musikkteori – notelære, taktart, rytme, enkle musikkuttrykk.

Skalaer og toneartar

Lytting / gehørtrening

Kjennskap til instrumentet

Enkel besifring

Samspel

På nivå 1 bør heimeøving vere minst 15 minutt dagleg.

Lærebøker på nivå 1

Bastien Bit för Bit, Förberedande og bok 1 av James Bastien

Den kjenner jeg av Salve Kallevig

Den kjenner jeg også av Salve Kallevig

Kjent og kjært nivå 1 av Astrid Tveter

Min egen pianoskole av Per Selberg og Stein Skøyeneie

Minimosaikk av B.J.Bjøntegaard

More Classics to Moderns av Denes Agay

Norsk Pianoskole av E.Alnæs/ Mary Barrat Due

Opus Blå og Opus Rød av Kari Fetjar,

Piano Adventure Lesson og Performance Book level 1 by Nancy and Randall Faber,

Pianogehör 1 Åse Söderqvist-Spering

Pianoskole Pre-A begynnerboka og A-boka av John W. Schaum

Rhythm and Blues 1 av Wesley Schaum

Vi spiller piano 1 av Carl-Bertil Agnestig,

Tunes for ten fingers, More tunes for ten fingers, og Fun for ten fingers av Pauline Hall

Piano Time 1 av Pauline Hall

Besifringsspel

Diverse Songbøker

Kompa på piano 1

Sang for alle av Tom Gravlje

Songar frå Lovsongtradisjonen

Spill med akkorder bok 1 av Salve Kallevig

Julebøker

Juleboka av Bjørn Schandy

Julehefte av Astrid Tveter

Jul for to av T. og A. Storaas

Nå er det jul igjen av Salve Kallevig

Teknikk

A dozen a day del 1 av Edna-Mae Burnam

Technic is fun preparatory book av David Hirschberg

4-hendig piano

Duet Favorites level 1 og 2 av Jane Smisor Bastien

Flerhendig I av Carl-Bertil Agnestig

Glade Børn spiller av Artus

Kjent og Kjært av Astrid Tveter

Nivå 2 - Vidareføring i klassisk og rytmisk stoff

Vidareføring i musikkteori - form, stil, toneartar, musikkuttrykk i stykka eleven speler.

Frasering og dynamikk

Toneartar, skalaer, inntil 3# og 3b

Besifring

Akkordforståing

Musikkorientering

Samspel / akkompagnement

Gehørspe

Prima vista

På nivå 2 bør heimeøving vera minst 20 minutt dagleg.

Lærebøker på nivå 2

Favorite Classic Melodies av James Bastien

First Sonatinas av James Bastien

Folk Tune Favorites av James Bastien

Kjent og kjærnt nivå 2 av Astrid Tveter

Min egen pianoskole av Per Selberg og Stein Skøyeneie

Norsk Pianoskole av E.Alnæs/ Mary Barrat Due

Opus Grønn og Opus Rød av Kari Fetjar,

Pang på pianot

Pang på pianot, Film & TV

Perler frå barokken v/ Eckhoff, Stugu og Selberg

Piano Adventure Lesson og Performance Book level 2A og 2B by Nancy and Randall
Faber

Piano Favourites av Bjørg Julsrud Bjøntegaard

Pianogehör 2 Åse Söderqvist-Spering

Pianoskole av John W. Schaum B, C -boka

Rhythm and Blues 2 av Wesley Schaum

Vi spiller piano 2 av Carl-Bertil Agnestig,

Wesley Schaum: Rhythm and blues 1 og 2

Jazz, Rags and Blues av Martha Mier

Piano Time 2 av Pauline Hall

Besifringsspel

Alle Tiders Sangbok 1,2,3,4

Diverse Songbøker

Kompa på piano 1 og 2

Sang for alle av Tom Gravlje

Songar frå Lovsongtradisjonen

Spill med akkorder bok 1 og 2 av Salve Kallevig

Julebøker

Juleboka av Bjørn Schandy

Nå er det jul igjen av Salve Kallevig

Teknikk

A dozen a day del 1 og 2 av Edna-Mae Burnam

Technic is fun preparatory book og book 1 av David Hirschberg
Practice makes perfect av Pauline Hall og Paul Harris

4-hendig

Duet Favorites level 3 av Jane Smisor Bastien
Flerhendig II av Carl-Bertil Agnestig
Glade Børn spiller av Artus
The Sound of music av Rodgers and Hammerstein
The Sound of music arr. David Carr Glover
12 lette firhendige stykker av Sine Holck
Ungdomsvännen hefte I av Krentzlin, Sartorio, Heller m.fl.

Nivå 3 - Vidareføring i klassisk og rytmisk stoff

Vidareføring i musikkteori - form, stil, tonearter, musikkuttrykk og dynamikk,
tidsepokane i musikkhistorie,
Skalaer, toneartar inntil 4# og 4b
Vidareutvikling av tekniske ferdigheitar
Foredrag/ musisering
Prima vista
Vidareføring i besifringsspill
Komposisjon
Utvida akkordforståing
Samspel / akkompagnement
På nivå 3 bør heimeøving vera minst 25 minutt dagleg.

Lærebøker på nivå 3

Barnas store pianobok; Frå Klassisk til Pop av Per Selberg
Lyriske stykker op.12 av Edvard Grieg
Opus Gul av Kari Fekjar
Piano Adventure Lesson og Performance Book level 3 og 4 by Nancy and Randall Faber
Pianogehör 3 Åse Söderqvist-Spering
Pianoskole av John W. Schaum D, E,F,-boka
Små klassiske perler Band 1 og 2 av Richard Krentzlin
Sonatinen Album band 1, 2 av M. P. Heller
Songs from Secret Garden
Tema Tangent 2 av Åse Söderqvist-Spering
The Joy of Boogie and Blues
Vi spiller piano 3 av Carl-Bertil Agnestig,
Piano Time 3 av Pauline Hall

Enkeltstykke

Ave Maria av Hugo Gyldmark

3 små valser op 17 av Øistein Sommerfeldt
Three waltzes in A minor opus 32 by Øistein Sommerfeldt

Besifningsbøker

Alle Tiders Sangbok 1,2,3,4
Diverse Songbøker
Kompa på piano 2
Sang for alle av Tom Gravlie
Songar frå Lovsongtradisjonen
Spill med akkorder bok 1 og 2 av Salve Kallevig

Julemusikk

Deilig er jorden av Emil Juel-Fredriksen
Juleklapp av Christian Teilmann
Nå er det jul igjen av Salve Kallevig

Teknikk

A dozen a day del 3 av Edna-Mae Burnam
First grade studies av John Thompson
Kortaste vägen till Teknikk, Rutin och Rytmkänsla nr 1 av Carl Krentzlin
Practice makes perfect av Pauline Hall og Paul Harris

4-hendig

Duet Favorites level 4 av Jane Smisor Bastien
Norwegian dances op.35 av Edvard Grieg
Populære Melodier av Harry Egeduisen
Razzamajazz av Sarah Watts
Svanesjøen av Tsjajkovskij arr.Åse Söderqvist-Spering
The Joy of Piano Duets av Denes Agay
The Sound of music arr. David Carr Glover
The Sound of music av Rodgers and Hammerstein
Ungdomsvännen hefte I og II av Krentzlin, Sartorio, Heller m.fl.

Nivå 4 - Vidareføring i klassisk og rytmisk stoff

Vidareføring i musikkteori - form, stil, tonearter, musikkuttrykk i de spilte stykker,
formlære

Musikalsk uttrykk, klang og interpretasjon

Skalaer inntil 5# og 5b

Vidareutvikling av tekniske ferdigheter

Prima vista

Vidareføring i besifningsspill og komposisjon/improvisasjon

Samspill / akkompagnement/ kammermusikk

På nivå 4 bør heimeøving vera minst 30 minutt dagleg.

Bøker på nivå 4

Das Wohltemperierte Klavier av J.S. Bach
Lyriske stykker op.12 av Edvard Grieg
Lyriske stykker op.43 av Edvard Grieg
Pianoskole av John W. Schaum G, H,-boka
Preludier av Fr. Chopin
Små klassiske perler Band 1 og 2 av Richard Krentzlin
Sonatinen Album band 1, 2 av M. P. Heller
Songs from Secret Garden
Tema Tangent 3 av Åse Søderqvist-Spering
The Joy of Boogie and Blues

Enkeltstykke

Clair de lune av Claude Debussy
Impromptu nr 62 av Fr. Schubert
Mattinata (Morgenhilsen) av R. Leoncavallo
Miniature-suite for piano av Øistein Sommerfeldt
Rondo amoroso av Harald Sæverud
Solfeggetto av Ph. E. Bach

Besifringsbøker

Alle Tiders Sangbok 1,2,3,4
Diverse Songbøker
Sang for alle av Tom Gravlíe
Songar frå Lovsongtradisjonen

Julemusikk

Deilig er jorden av Emil Juel-Fredriksen
Rundt juletreet fra Norsk Musikkforlag
10 Parafraaser for piano av Rudolph Magnus Forwald

Teknikk

Kortaste vägen till Teknikk, Rutin och Rytmkänsla nr 2 av Carl Krentzlin
Practice makes perfect av Pauline Hall

4-hendig

Microjazz Piano Duets I og II av Christopher Norton
Norwegian dances op.35 av Edvard Grieg
Tänze und Märsche av W.A. Mozart
Walzer op.39 av Brahms

Nivå 5 - Vidareføring i klassisk og rytmisk stoff

Vidareføring i musikkteori - form, stil, toneartar, musikkuttrykk
Skalaer og kadensar, kvintsirkelen
Vidareutvikling av tekniske ferdigheitar

Musikalsk uttrykk
Musikkanalyse
Prima vista
Klang og interpretasjon
Vidareføring i besifningspill
Komposisjon/improvisasjon
Samspel / akkompagnement/ kammermusikk
På nivå 5 bør heimeøving vera minst 40 minutt dagleg.

Lærebøker på nivå 5

Children's Corner av Claude Debussy
Chopin Walzer (bok) frå G.Henle Forlag
Das Wohltemperierte Klavier av J.S. Bach
Invensjoner av J.S.Bach
Kleine Präludium und Fughetten av J.S. Bach
Nocturner av Fr. Chopin
The Joy of Boogie and Blues
Sonatiner av Haydn, Beethoven og Mozart

Enkeltstykke

Pianokonsert av Timothy Miller sats 1,2,3
Slåtter og stev fra «Siljustøl» 2.suite, opus 22 (m/ «Kjempeviseslått») av Harald Sæverud
To klaverstykker (Valce dolce og Akvarell) av Klaus Egge
Vårbrus av Christian Sinding
Arabesque av Claude Debussy
Måneskinnsopsonaten av Beethoven

Besifring

Alle Tiders Sangbok 1,2,3,4
Diverse Songbøker
Sang for alle av Tom Gravlje
Songar frå Lovsongtradisjonen

Teknikk

Kortaste vägen till Teknikk, Rutin och Rytmkänsla nr 2 av Carl Krentzlin

4-hendig

Spanische Tänze op.12 av Moszkowski

